


Å vere foreldre i barnehagen

Å vite at du er der – anten det er nært eller langt unna – betyr at eg aldri er heilt åleine.

Marion C. Garretty



PG · 2013

Når foreldra og personalet har ein open, tillitsfull og varm kommunikasjon, fører det til at barnet trivst betre i barnehagen.

- Hugs at positive foreldre = positive barn. Hels på og prat med barn, foreldre og tilsette. Tenk på korleis de omtaler andre familiar og barnehagen heime.
- Foreldre treng ikkje å vite alt, men engasjement påverkar trivselen og utviklinga til barnet positivt. Ver interessert i og nysgjerrig på korleis barnet har hatt det i barnehagen. La barnet få tid til å fortelje på sin eigen måte, og snakk om barnehagen heime.
- Foreldra er dei som kjenner barnet best, og dei må ha tru på si eiga rolle og på høvetdei har til å påverke.
- Foreldra må «lese» korleis barnet har det, og ta omsyn til at barnet blir slitent i barnehagen.
- God dialog skaper tillit mellom foreldra og personalet. Når saker oppstår, skal ein ta dei opp på ein open og ærleg måte. Kritik er eit lite eigna verktøy for samarbeid.
- Bruk foreldrerådet og samarbeidsutvalet til barnehagen aktivt. Barnehagen skal informere foreldra og leggje til rette for samarbeid. Foreldra må engasjere seg i barnehagespørsmål og diskutere seg imellom.